

INFORMASJON

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 2 JUNI 2023 81. ÅRGANG



God sommer



DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.sunnfjordkyrkja.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30
Prost: Knut Magne Nesse
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen
Prest: Carsten Langeland
Diakon: Anita Øvreås Rusken
Driftsleiar: Ingvar Vagstad
Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye
Økonomileiar: Trond Herløund
Kantor: Gro Gunnarson
Kateket: Heidi V. Styve
Kyrkjeverje: Sissel Vartdal
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og
Gry Sætre

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.
Sokneprest: Rigmor Frøyen
Prest: Fredrik Bråttvik
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland
Kantor: Erlend Os
Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:
Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen
Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:
Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

Nytt frå redaksjonen

Har du venta på Helg og Heim? Vi måtte vente med trykking til listene til soknerådsvalet og bisperådsvalet var klare. Valet er same dag som kommunevalet, 11. september. Informasjon om valet finn ein på nettet. Ikkje alle kan, eller kjem på å søkje opp informasjonen der. Dei lokale kyrkjeblada er då ein viktig informasjonskanal, sidan blada går ut til alle husstandar. Helg og Heim når om lag 7600 husstandar i tillegg til abonnentar utanfor området. Vi håper vi har fått med nødvendig og rett informasjon om valet. Om du lurar på noko, ta kontakt med kyrkjekontora.

Blad nr. 3 blir og utsett som følge av valet. Neste nummer kjem ut i månadsskiftet september/oktober, slik at vi får med valresultatet.

Vi har tekstane på nynorsk i Helg og Heim. I dette nummeret gjorde vi eit unntak for Fredrik Bråttvik då han skulle skrive «Til ettertanke». Han skal få dele sine tankar på sitt eige målføre.

Det er endringar i redaksjonen sidan sist. Ingvar Vagstad har gått over i ny stilling som driftsleiar, og går då ut av redaksjonen. Takk for innsatsen, Ingvar! No treng vi ein ny person med på laget. Tips oss!

Giro

I dette nummeret legg vi ved giro og påminning om bladpengar. Det kostar å trykke og distribuere bladet. Annonsørane bidreg godt, men utan bladpengane kan vi ikkje lage bladet. Takk for ditt bidrag!

Det er sommar og snart ferietid. Få gjerne med deg ei eller fleire av friluftsmessene og stølsmessene. Det er ein fin måte å komme ut på nye stader, bli kjent med folk og få med seg ein god bodskap.

God sommar!

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@enivest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

Trykk:

Printfarm, Øvre Årdal

Frivillig bladkontingent
kr. 290,-

Bankkonto:
3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim. Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

Utgjevingsplan 2023

Nr. 3. Stoffrist:

Onsdag 23. august.

I posten veke 39

Nr. 4. Stoffrist:

Onsdag 25. oktober.

I posten veke 48

(Det kan

komme endringar.)



Framsdebilde: Korskulen var på tur til Bergen, og heldt spontankonsert på Fløyen. Frå venstre: Elisa, Tuva, Astrid Sofie, Liv, Mathilde, Anna, Eiril, Selma, Runa Helene, Gro og Sara. Foto: Jorun Seim

På bispevigsling i Bergen



Prost og soknerådsleiar var invitert til vigslingshelga og frå Sunnfjord prosti deltok: Framme frå venstre Sissel Sørebo frå Bjordal og Ortnevik sokn, Linda Ølmheim frå Hyllestad sokn, Astrid Årdalsbakke Feldt frå Helgheim sokn, Ingvil Førde Torvanger frå Kinn sokn og Irene Muren Knapstad frå Ålhus sokn. Bak frå venstre: Prost i Sunnfjord Knut Magne Nesse, Bjørn Harald Haugsvær frå Førde sokn, Bjarne Horsevik frå Gaular sokn, Jostein Gryte frå Askvoll sokn, Sturla Bell Fossen frå Kyrkjebø sokn og Jacob Nødseth, representant for Vestland Venstre.

Det var ei stor oppleving å få vere med på vigslinga av Ragnhild Jepsen til biskop i Bergen søndag 16. april.

Tekst: Prost KNUT MAGNE NESSE

Mykje kan seiast om den hendinga. Både ordføraren i Bergen Linn Kristin Engø, kyrkjerådet sin direktør Kristin Gunleiksrud og statsråd Kjersti Toppe understreka det historiske ved at ei kvinne no



Biskop Ragnhild Jepsen. Foto: Bjørgvin bispedømmekontor

er valt og innsett som biskop i Bergen. Den første biskop i bispedømmet si historie som

kan først attende til Selja i 1068. Ei historisk hending og den lokale kyrkja ønskte det

og stemte fram dei tre kvinnelege kandidatane i si stemmegeving.»

Preses Olav Fykse Tveit understreka dette då han sa: «I dag blir linja frå dei første kvinner som vitna om den tomme grava trekt vidare hit til dette rommet. Vi har deira namn. No går ditt namn inn i rekkja av biskopar som har hatt ansvar for at kyrkja er apostolisk, i tydinga at ho er sendt til verda med budskapet: Jesus lever og kjem til oss!»



TIL ETTERTANKE

Tekst: FREDRIK BRÅTTVIK, prest i Sunnfjord

For godt til å være sant?



Jeg har gleden av å jobbe med konfirmanter og ungdommer. Og for litt siden hørte jeg en konfirmant si at han tenkte at dette med Jesus og sånn, hørtes litt for godt ut til å være sant. Jeg har også hørt noen jeg kjenner godt, som synes det er vanskelig å tro på Jesus, si at det høres nesten ut som et eventyr. Jeg må si jeg forstår godt hva de mener, så må jeg også si følgende: «*Ja takk og amen!*»

Selv om jeg også i perioder har lurt på om dette faktisk er noe jeg tror på, så lander jeg alltid tilbake til å tro på Jesus. Jeg tror ikke at Bibelen bare er et Asbjørnsen og Moe-eventyr, og jeg tror ikke at fortellingen om Jesus er for god til å være sann. Men det jeg tror på er tilgivelsen Jesus gjorde mulig ved oppstandelsen. På nye sjanser. På en ny start, og på blanke ark. Det er det Jesus kan gi meg, hver dag.

I høst var jeg sammen med konfirmantene på det som kalles konfirmantfesti-

valen – en samling på Sande med flere hundre konfirmanter fra Sunnfjord. Da fikk jeg muligheten til å ha en andakt hvor jeg snakket om «Sønnen som kom hjem», fra Lukasevangeliet kapittel 15, et bilde på Guds forhold til oss mennesker.

Det er fortellingen om en sønn som har bedt om tidlig arv og sløser den bort på et utsvevende liv. Når han kommer tilbake til faren er han redd han ikke vil få tilgivelse – men det motsatte skjer – faren glemmer det han har gjort, fordi han har valgt å komme hjem igjen. Ikke bare glemmer han det, men han løper han i møte, omfavner han og stiller i stand en stor fest. Hadde jeg vært denne sønnen er jeg sikker på at jeg hadde tenkt at tilgivelsen var for god til å være sann.

For noen år siden forsøkte jeg å utvide perspektivet mitt på hva det vil si å ta imot Guds kjærlighet. Jeg endte opp på

en skogstur i solskinn, med en god bok og en pose med Bamsemums. Jeg kalte det for «Solotur med Gud». Jeg ser tilbake på turen som et fantastisk minne. I travle liv og i et effektivitetsorientert samfunn tror jeg Gud unner oss å slenge beina på bordet, lene oss tilbake og finne noe godt å spise. Dette må ha vært noe forfatteren av Salme 23 hadde erfaring med når han skriver: «*Han lèt meg liggja i grøne enger, han fører meg til vatn der eg finn kvile. Han gjev meg nytt liv.*» (Sal. 23:2-3)

Min oppmuntring til oss alle denne sommeren er: Våg å tro på tilgivelsen Jesus gjorde mulig på korset, våg å tro på nye sjanser og våg å tro på at Jesus kan gi deg en ny start. Det trenger ikke være usant, selv om det føles for godt ut til å være sant.

Vil de gifte dykk i kyrkja? Vi er klare!

Vi vil gjerne sende ut ei klar melding til alle dykk som lurar på om de vil, orkar eller har råd til å gifte dykk i kyrkja: Vi heiar på alle som tør å ta ein enkel variant og som vel den løysinga som er mogeleg og ynskjeleg for dei.

Tekst: INGVALD ANDERSEN FRØYEN, sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen

Vi veit at det er eit stort press der ute på å ha store bryllaup og at mange forventar seg dei



beste bileta og den ultimate festen, - men for dei aller fleste er dette eit uoppnåeleg mål.

I ein kvardag med høge bukostnadar og mykje arbeid, vert det krevjande å skulle spare til ein kostbar fest. Og dersom ein allereie har både eitt og to born, og jobbar dobbelt, så vert det ikkje enklare.

De må gjerne ha ein flott bryllaupsfest, for det er absolutt verdt å feire kjærleiken. Men kva med å tenkje litt alternativt? Ein kan gifte seg i kyrkja i ein enkel seremoni, og ha festen på eit seinare tidspunkt. Ein kan ha begge deler samtidig, men berre senke lista så mykje at det vert overkommeleg økonomisk og praktisk.

Mange trur at kyrkjeleg bryllaup er ekstra dyrt, men det er ein myte!

Å gifte seg i ein kyrkjeleg seremoni er eigentleg ingen stor kostnad.

Om minst ein av dykk er medlem av kyrkja og heimehøyrande eller knytt til soknet, så stiller vi med kyrkje, prest, organist og kyrkjetenar. Det som avgjer kor dyrt det blir, er kor mykje ekstra de ynskjer å leggje til sjølv av pynt, fotograf og feiring etterpå.

Vi har erfaring med vigslar og hjelper dykk.

De må sjølv ordne prøvingsattest, men i samtale med oss får de hjelp til å planlegge seremonien i kyrkja og organistane våre har brei erfaring med ulike type musikk som egner seg i ei kyrkjeleg vigslar. Dette er vi gode på!

Må det vere på ein laurdag om sommaren?


Eit bryllaup kan vi etter avtale leggje til andre vekedagar enn laurdag og andre tidspunkt på dagen, alt etter kva som er praktisk mogeleg for den lokale kyrkja og bemanninga på det aktuelle tidspunktet.

Må det vere inne i kyrkja?

Vi ynskjer helst å ha vigslene i kyrkjene då dette er vakre rom som er eigna for dette. Der har vi instrument, høgtalaranlegg og alt som trengs i ei vigslar. Det er både ei praktisk og god løysing. Så er det nokre som ynskjer vigslar annan stad enn i kyrkjerommet. Det er høve til dette, men det må avklarast i god tid. Vi prøver å leggje til rette så godt vi kan.

Er alle velkomne?

Alle par som kjem blir tekne imot, og dei får lov til å gifte



Holsen kyrkje, ei av dei vakre kyrkjene i Sunnfjord som ein kan gifte seg i. Foto: Ellinor Wergeland.

seg i den kyrkja dei ynskjer så sant kyrkja er ledig på det aktuelle tidspunktet. Alle par har ein samtale på førehand med ansvarleg prest.

Kvifor kyrkjeleg vigslar?

Vigslar er noko kyrkja gjer på mandat frå samfunnet. Fyrste del av vigslar liknar difor veldig på ei vigslar på rådhuset. Det som er meirverdien i ei kyrkjeleg vigslar er at det skjer i kyrkjerommet og at seremonien er utvida. Ein les tekstar frå Bibelen om kva ekteskapet, kjærleiken og truskar er. Ein vert bedt for og ein vert velsigna. Ein får leggje lovnaden ein gir til kvarandre fram for Gud og be om mot og vilje til å elske kvarandre i gode og vonde dagar.

Det er rom for å synge gode songar og høyre flott musikk, og det er plass til å invitere mange med i gleda og festen.

Barnedåp og bryllaup!

Fleire har valt å nytte dåpen av barnet sitt som eit høve til også å gifte seg. Då har ein allereie stelt til fest og gjestane er der. Det er berre å spørje oss!

Eit godt råd er å ta kontakt med oss tidleg i planlegginga for då er det mange ting som kan avklarast for ein har bunde seg til dag og tid.

Så la det vere klårt; det står ikkje på oss! Vi er klare til å ta imot dykk her i kyrkjene våre i Sunnfjord, anten det er store eller små bryllaup. Velkomen!



Saman klarer vi mykje. Agentar på Vie har plukka stein.

Agentar på Vie

Kvart år får 9-åringane tilbod om å vere Agent for skaparverket. I Førde fekk dei vere med på Vie Andelslandbruk for å finne løyndomar under og over jorda.

Tekst: HANNE SCHNITLER

Foto: HANNE SCHNITLER og GRY SÆTRE

På flatene på Vie, der det har vore dyrka mat sidan steinalderen, står 12 unge guttar og jenter midt på jordet og ser ut over landskapet. Og eg har fått vere med trusoplærar Gry Sætre og fortelje om kva som skjer på Vie Andelslandbruk.

– Å vere agent er og å undre seg over skapinga, seier Gry. Ho har hatt dei med seg i kyrkja i forkant. Der har dei snakka om skapingssoga, og fått laga seg eit armband med «hemmelegheitsperlar».

På jordet ligg det runde steinar spreidd omkring. Dei har kanskje blitt frakta hit under siste istid, då desse flatene vart forma. Det er eit langt tidssprang å undre seg over.

– Kan de ta med ein stein kvar til kanten av jordet, så er de med og hjelper til? – Berre ein stein kvar? På eit blunk er dei på leit etter stein, helst dei største, og legg dei på tilvist plass. På nokre minutt har haugen blitt ganske stor.

På Vie Andelslandbruk er det nettopp slik; mange gjer litt kvar, og då blir mykje gjort.

Kompost

Vi må finne ut korleis jorda blir til. På Vie står ein stor kompostdunk. No er det ikkje mykje i den, berre litt visne planterestar og kvist. Korleis kan dette bli til jord? Haugen med kompost frå fjoråret ligg til ettermodning rett ved. Ingen kan sjå at dette har vore plantar. Noko har

skjedd. Ungane får ein kort innføring om mikroorganismar, skrukketroll og meitemark som forvandlar det grøne til jord. At meitemarken gjer ein god jobb, visste dei. Men visste dei at ein meitemark kan gjer om plantemateriale til 4 kg – eller 4 mjølkkartongar – med jord på eit år?

Vi må finne meitemark. Kan vi lokke på dei og få dei opp av jorda? Alle bøyer seg ned langs eit plantebed der jorda er dekt med ull og gras. Vi skuvar dekket til side og stikk ein plastpinne godt ned i jorda. Men først ser vi etter små hol der meitemarken har vore oppe og forsynt seg med planterestar og dratt det langt ned i jorda. Så tar vi til å dytte på pinnane så dei vibrerer. – Der kjem det ein meitemark – og ein til! – Eg finn ingen.. Nei, kanskje dei er for langt nede i jorda, dei kan jo grave seg ein meter ned. Vi studerer dei vi fekk lokka opp i dagslys. Har dei auge? Legg dei egg, eller får dei levande ungar?

Eg har juksa litt. Eg har hatt meitemark



Agentar for skaparverket studerer meitemarkkokongar.

ståande i ein plastboks med jord og gras nokre veker heime. Kva har skjedd i den boksen? Vi tømmer innhaldet utover. Meitemarkane vrir seg forvirra i lyset.

– Den der har belte, den er vaksen, er det ein gut som ropar. – Og den er både han og ho! Her er meitemarkkunnskapen stor allereie. Vi ser nokre små gulbrune klumpar, forma som bittesmå sitronar, innimellom jord og gras. Markane har lagt eggkokongar! Inni kvar kokong kan det vere 20 egg. Ok, den bittelille kula kan bli til 20 markar som kan gjere planterestar om til 80 mjølkekartongar med jord! Oj, kan det vere mogleg?

Noko lyseraudt rører på seg. – Ein meitemarkbaby! – To til – Få halde ein! Entusiasmen stig til nye høgder. Men kor blei dei av? – Eg la dei i jorda, eg, der dei høyrer til, seier ein av gutane. Ingen protesterer. Dei har respekt for det levande hemmelege livet i jorda, desse 9-åringane.

Vie Andelslandbruk

Vie Andelslandbruk vart stifta 20. januar 2016. Kwart år bruker ein flokk sunnfordingar fritida på å vere andelsbønder på garden til Sjur Vie.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Først må vi avklare kva eit andelslandbruk er: I motsetnad til parsellhagar, der kvar har sin eigen vesle jordflekk, dyrkar ein her alt i lag og fordeler avlinga på medlemene. Ein betalar ein eingongssum for å bli medlem, og for kvar sesong melder ein seg på og betalar ei sesongavgift.

På Vie er sesongen godt i gang. I februar starta nokon å så dei første frøa heime. I april vart dei små plantene sett i drivhuset, og på forsommaren vart plantane satt ut i jorda. Gulrøter, poteter og anna blir sådd direkte i jorda. Ein plasttunell gir ly til plantar som ikkje er så glad i vinden, som mais, tomatar og salat.

Frå jord til bord

Hanna Bruland er tilsett som gartner på Vie. Ho har oversikt over kva som skal gjerast, planlegg dagnadar, og lager haustelister. Og ho er over gjennomsnitt opptatt av jord.

– Kva er det med jorda som er så fascinerande?

– Då eg oppdaga kor lite kunnskap eg og mange andre har om jorda under føtene våre, vart eg ganske forferda. Det som skjer i jorda er grunnleggjande for vår eksistens. Vi må vite noko om dei prosessane som skjer i jorda. Det er eit mylder av liv der. Når vi steller jorda godt, får vi gode plantar.



Hanna Bruland, entusiastisk gartner, viser fram mainepe.



Jorunn Seim og døtrene Anna og Sara med spirande liv i drivhuset på Vie Andelslandbruk.

– Kor mange sortar grønsaker blir dyrka her?

– Det er ikkje lett å ha oversikt over. Forutan ulike sortar poteter, løk, kålplantar og gulrøter, prøver vi stadig noko nytt. Vi vil prøve å utvide sesongen, og gjerne ha grønsaker som er enkle å lagre. I tillegg til vanleg agurk, prøver vi oss på sylteagurk i år. Vi dyrkar blomar for pollinering, og fordi det er vakkert. Fleirårige planter og krydderurter har vi og. I år sår vi sorten «Hellig basilikum», det høver godt å nemne for eit kyrkjeblad.

Vekstskifte

Noko av jorda blir pløgd opp kvar sesong, og nokre plantar får vekse i faste bed dekkja med ull og gras som gir næring og hindrar ugras. Jorda blir tilsett kompost og biokol. Når ein ikkje nyttar sprøytemiddel er ein meir utsett for plantesjukdomar. Difor nyttar ein vekstskifte. Ein slik driftsform er arbeidskrevjande, men når mange jobbar i lag, kjem ein i mål.

Det er sosialt å jobbe i lag på åkeren, og det er lett å bli kjend når ein sår, lukar og haustar saman. Hanna fortel om gruppene ein kan vere med i dette året. For å få meir eigarskap og kunnskap kan ein vere med i sågruppe, byggegruppe, kompostgruppe eller ha ansvar for drivhuset. Dette er nytt i år, og kan hjelpe på at ein ikkje blir motlaus når det er mykje som bør gjerast.

Om hausten samlast andelseigarane til hausttakkefest. Då har mange med seg sine spesialitetar laga av ingrediensar frå Vie. Ein skal jo ikkje berre lære seg å dyrke, men og lære seg å ta vare på og lage noko godt av dei herlege grønsakene ein har hausta.

Di stemme tel i kyrkjevalet

Stemma di er viktig! Når du stemmer, støttar du opp om kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover. Kvar stemme tel!

Ved kyrkjevalet 11. september har du høve til å påverke korleis vår kyrkje skal vere. På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting, kan du stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Nytt av året er at du kan **førehandsstemme digitalt**. Det gjer du på www.kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september. Du kan òg **førehandsstemme fysisk**, sjå informasjon for kvart sokn. Alle i Sunnfjord kan førehandsrøyste i alle lokale.

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatlar til sokneråd og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til **soknerådsvalet** har dyktige medlemmer sagt ja til å vere kandidatlar til sokneråda og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. I soknerådsvalet stemmer du på enkeltpersonar. Du har då høve til å setje kryss ved **inntil tre** kandidatlar og gje desse ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

I **val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet** er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømerådet. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja. Når du stemmer i bispedømerådsvalet er du med på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet. **I dette valet stemmer du på ei liste.** Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja. I Bjørgvin stiller Bønnelista, Frimodig kyrkje, Nominasjonskomiteens liste og Open folkekyrkje lister.

I **begge vala er det høve til å gjere endringar på listene**, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatlar. Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på www.kyrkjevalet.no

Kyrkjevalet 2023

Her er informasjon om vala i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen, og nominasjonskomitéane sine vallister for sokneråda:



Kyrkjevalet i Holsen og Haukedalen sokn:

På valdagen **11. september** er det vallokale på Holsen skule for både Holsen og Haukedalen kl. 13.00 – 19.00.

Det er høve til å **førehandsrøyste** på Frøysland skule på same tid som førehandsrøystinga til kommune- og fylkesval.

Holsen og Haukedalen sokneråd valliste

1.	Bodil Øvsthus Frøysland	1972	Haukedalen
2.	Laila Marie Nydal	1964	Holsen
3.	Nils Asbjørn Gjerland	1947	Haukedalen
4.	Gunn Alise Heimestøl	1965	Holsen
5.	Gert Runar Rørvik	1970	Haukedalen
6.	Bertel-Eivind Flaten	1960	Holsen
7.	Anne Berit Holsen	1964	Holsen
8.	Karin Øverli Grøneng	1968	Haukedalen
9.	Øystein Holsen	1977	Holsen
10.	Anne Grethe Steinfeld	1970	Haukedalen
11.	Gro Reiersgard	1972	Holsen



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!
fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



Tlf. 57 82 07 22 | www.bellisblomst.no
ALTI, Førde

Kyrkjevalet i Førde sokn:

På valdagen 11. september vert det kyrkjeval samstundes med kommunestyre- og fylkestingsval i Førdehuset kl. 09.00 – 21.00

Førehandsrøysing i Førde sokn:

Det er førehandsrøysting i Førde sokn følgjande stader:

Førde kyrkjekontor

Måndag 14. august kl. 14.30 – 17.30

Måndag 21. august kl. 14.30 – 17.30

Måndag 28. august kl. 14.30 – 17.30

Torsdag 31. august kl. 15.00 – 20.00

Måndag 4. september kl. 14.30 – 17.30

I Førde kyrkje rett etter gudstenesta

Søndag 3. september kl. 12.00 – 13.00

I tillegg på ei øving med Deciding.

På Karstad skule og på Førde Omsorgssenter blir det førehandsrøysting på same tid som førehandsrøystinga til kommune- og fylkesval.

Førde sokneråd valliste

1.	Hanne Bildøy	1970
2.	Ingeborg Watne Flatland	1979
3.	Bjørn-Harald Haugsvær	1965
4.	Sølvi Urnes	1969
5.	Ragnhild Kjøde Nes	1980
6.	Sissel Viddal Laache	1960
7.	Marte Westvik	1984
8.	Siri Brændmo	1950
9.	Ole Johnny Warvik	1956
10.	Miriam Lund-Førde	1985
11.	Hallvard A. Møgster	1947
12.	Cathrin Hjelle Søvde	1979
13.	Eirik Dahl	1961

Kyrkjevalet i Naustdal sokn:

På valdagen 11. september vert det kyrkjeval samstundes med kommune- og fylkestingsval:

Kyrkjelydshuset i Naustdal kl. 12.00-20.00.

Dalen næringscenter kl. 13.00 – 19.00

Vevring skule kl. 13.00 – 19.00.

Det er førehandsrøysting følgjande stader:

Naustdal kyrkjekontor:

Fredag 11. august 13.00 -15.00

Torsdag 31. august 15.00 -20.00

Tysdag 05. september 13.00 – 17.00

Naustdal kyrkje:

Søndag 20. august 12.30 -14.30

Naustdal omsorgssenter:

Dato ikkje bestemt.

Naustdal sokneråd valliste

1.	Jetvard Kalland	1952	Myrstrupevegen
2.	Veronica Standal	1969	Fjordavegen
3.	Harald Sørheim	1950	Helgåsvegen
4.	Mona Solheim	1973	Ospeteigen
5.	Stein Torald Vonen	1967	Fjordavegen
6.	Hege Merete Smådal	1978	Lundavegen
7.	Arvid Åsebø	1956	Jobakkevegen
8.	Marit Grete Våge Apneseth	1956	Fjordavegen
9.	Åse Mari Haugnes	1973	Naustedalen
10.	Orlaug Liv Hove	1945	Kleiva
11.	Veronica Tansø	1978	Horstadvegen
12.	Else Karin Monsen	1952	Fjordavegen
13.	Gudmund Eimhjellen	1970	Naustedalen

Gode tilbud på flis, beleggingsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet

www.boligkompaniet.com
tlf. 906 19 654

**Astrid
Blomster**

Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no

FARGERIKE

NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE

Førde Fargehandel

TLF. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme

Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023

I Bjørgvin bispedøme er det fire lister ved bispedømerådsvalet 2023: **Bønnelista**, **Frimodig kyrkje**, **Nominasjonskomiteens liste** og **Open folkekyrkje**. Listene er presenterte alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge. Kandidatar med **utheva skrift** får 25 prosent stemmetillegg.

Bønnelista

Bønnelista vil vidareføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjenning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiarar som let seg leie av Den Heilage Ande og som søker Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane på www.bønnelista.no



1



Sigurd Grindheim
(1968)
Professor, Stord

2



Solaug Anita Apelthun Sæle
(1951)
Økonomisjef, Fjell

3



Finn Indrebø
(1948)
Pensjonist, Askøy

4



Trygve Johannes Hellesøy
(1938) Pensjonert prest, Hellesøy

5



Torid Morsund Øygard
(1999)
Student, Bergen

6



Magdalena Steinhovden
(1947) Pensjonist, Naustdal

7



Anna Helena Bruun
(1974) Regnskapfører, Rådal

8



Mahdi Alipor Esfahani (1979)
Butikkmedarbeider, Førde

9



Anders Myrene
(2002)
Student, Naustdal

1



Gunnar Innerdal
(1983) Førsteamanuensis, Øygarden

2



Per Hilleren
(1959)
Bonde, Sogndal

3



Marthe Hauge
(1965) Krefstjukepleiar, Skilbrei i Sunnfjord

4



Egil Morland
(1950)
Professor emeritus, Øygarden

5



Geir Møller
(1957)
Pensjonist, Bergen

6



Karen Sofie Uthaug
(1998)
Student, Alver

7



Hilde Kayser Rohde
(1955)
Pensjonert musiker, Bergen

8



Annlaug Risa
(2003)
Student, Balestrand

9



Torstein Backer-Owe
(1959)
Rådgjevar, Odda

Frimodig kyrkje

Vi ønskjer ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå dagens menneske med evangeliet og utrusta til å følgja Jesus i kvardagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar, redusera sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulera til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønskjer å styrka arbeidet med søndagsskule, trusopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeida for trygge og sunne rammer for born og unge i ei grenselaus tid. Frimodig kyrkje ønskjer å endra valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærare presentasjon av kandidatane våre finst på www.frimodigkirke.no/bjorgvin



Open folkekyrkje

Sidan starten i 2014 har Open folkekyrkje gjort det vi kan for at Den norske kyrkja har vorte meir open for eit mangfald av menneske med ulike liv og livsrøynslar. Vi har mellom anna sytt for at også likekjønna par skal kunna gifta seg i kyrkja si. Open folkekyrkje ønskjer ei kyrkje som alle skal kunna leva heile livet i, der alle skal kjenna seg velkomne, sedde og stadfesta. Kyrkja har ikkje A- og B-medlemer – dåpen er einaste medlemsvilkår. Open folkekyrkje vil at kyrkja skal utviklast vidare som ei open, inkluderande og demokratisk folkekyrkje. Vi vil arbeida for at folk meir og meir skal kjenna at dei høyrer til i kyrkja, slik at den kristne trua vert halden levande og er viktig i den einskilde sitt liv. Kyrkja skal vera open for alle, fremja menneskeverdet og motarbeida diskriminering. www.apenfolkekirke.org



Nominasjonskomiteens liste »»»

Kyrkjelydane si felles liste er sett opp av ein nominasjonskomitee med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Kandidatane er forslag frå sokneråd, ungdomsråd og nominasjonskomiteen sjølv. Komiteen har mellom anna vektlagt kandidatane som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vera lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeida til det beste for den lokale kyrkja. Les meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på www.nominasjonskomiteen.no



Dag Sele
(1964)
Lege,
Stord



Turid Fjose
(1969)
Lege,
Voss



Amalie Gjengedal-Eide
(1996)
Lektor, Bergen



Arne Jostein By
(1948)
Pensjonist,
Stryn



Kristin Jordheim Bovim
(1955)
Lege Bergen



Dag-Olav Bjørøy
(1957)
Seniorkonsulent,
Øygarden



Hege Feet Askvik
(1957)
Pensjonist,
Alver



Helge Dyrkolbotn
(1964)
Avdelingsleiar,
Austheim



Amalie Ulevik Bjerk
(1997)
Student, Bergen



Ingeborg Watne Flatland
(1979)
Lærer, Førde



Leif Steinar Alfsvåg (1959)
Høgskulelektor,
Stord



Elise Skjærven Aas
(2005)
Student, Bergen



Rune Garmann
(1952)
Pensjonist,
Masfjorden




Torild Teige Strand
(1959)
Lærer,
Solund



Karl Johan Kirkebo (1950)
Pensjonist,
Bergen



Oddny Miljeteig
(1954)
Pensjonist,
Bergen



Live Bakke Nydal
(2004)
Student,
Florø



Rune Johan Skjælaen
(1954)
Pensjonist, Bergen



Anne Vierdal
(1996)
Trusoppplærer,
Sveio



Eiel Holten
(1968)
Seniorrådgjevar,
Bergen



Malene Mortensen
(2001)
Sekretær,
Sotra



Håkon Glatved-Prahl
(1956)
Journalist, Alver



Mari Skjerdal Lysne
(1985)
Stipendiat, Sogndal



Vegard Flatebø Trætteberg
(2002)
Lagfører, Bergen



Inger Johanne Gullbrå
(1949)
Pensjonist, Voss



Lars Hana
(1955)
Pensjonist,
Askøy



Signe Eikenes
(1963)
Prosjektleiar,
Leikanger



Andreas Gravdal
(1981)
Formidlar,
Bergen



Ove Sverre Bjørdal
(1971)
Statsautorisert
revisor, Bergen




Torill Jørgensen Frøise
(1972) Rådgjevar
Askøy



Christian Emil Haugen
(1990) Lege,
Bergen



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme



Nyttig å vite om valet

Kvifor stemma ved kyrkjevalet?

Som medlem bidreg du til fellesskap, glede, livsmeistring og meining for deg sjølv og andre, til dømes gjennom dåp, bryllaup, babysong, barne- og ungdomsaktivitetar, gudstenester, kor og konsertar. Du bidreg også til å ta vare på vår felles kulturarv i form av kyrkjebygg og tradisjonar, og du er med på å støtta det sosiale arbeidet til kyrkja for menneske i glede og sorg, einsame eller aktive i fellesskap. Ved å stemma bidreg du til at kyrkja er ei demokratisk folkekyrkja.

Kven har stemmerett?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i kyrkja. Det er ikkje andre krav til stemmerett enn alder og medlemskap. Sjå medlemskapen din på www.kyrkja.no/medlem

Kven blir valt i kyrkjevalet?

Du stemmer lokalt på kandidatane til soknerådet der du bur. Hovudoppgåva til soknerådet er å utvikla arbeidet til kyrkja i lokalsamfunnet, frå gudstenester og barne- og ungdomsarbeid til kultur og sosialt arbeid og diakoni. Som regel er det berre ei liste ved soknerådsvalet.

Du stemmer regionalt og nasjonalt ved å stemma på medlemer til **bispedømerådet** og **Kyrkjemøtet**.

Bispedømerådet er det regionale styringsleddet i Bjørgvin (Vestland fylke). Rådet jobbar strategisk med å samla og formidla kunnskap om utvikling i kyrkjelydane, driva utviklingsprosjekt og fremje samarbeid mellom kyrkjelydane. Ved bispedømerådsvalet er det fire lister.

Kyrkjemøtet er det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråda samla ei veke kvart år. Kyrkjemøtet vedtek planar og strategiar for kyrkjemusikk, sosialt arbeid (diakoni), miljøarbeid, kulturarven til kyrkja, ordningar for gudstenester og organisering av kyrkja.

Korleis stemmer du i kyrkjevalet?

Du stemmer på same tid som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet skjer i eit lokale rett i nærleiken av kommunevalet. Det er òg mogleg å førehandsstemma.

Enkelt å førehandstemma digitalt


Du kan førehandsstemma når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden under eller besøk kyrkjevalet.no. Hugs at det er hemmeleg val! Les meir om kandidatane til begge val på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023





Trusopplæring

For oppdatert informasjon: sjå heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen MinMenighetsportal.

STØRST AV ALT



Frå vakumveka.

Trusopplæring i Førde sokn:

0 – 1 ÅR:

Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

Oppstart 30. august 2023.

1 – 3 ÅR:

Krøllesamling

Song og formidling frå kl. 17.30 på Førde Kyrkjetun.


- Onsdag 20. september
- Onsdag 27. september
- Onsdag 4. oktober



4 – ÅR:

4-årssamling

24. september har vi Barnegudsteneste med utdeling av bok til barna som er 4 år. Etter gudstenesta er det samling for barna som har fått bok.



7 – 10 ÅR:

Vakuumveke/Aktivitetsveke

8. – 11. august på Førde barneskule

Påmelding: <https://minkirkeside/Sunnfjord>

10 – 12 ÅR:

Ope hus

Klubb-kveld med leik, formidling og kiosk fredagar frå kl. 18:00 – 19:30 på Førde Kyrkjetun:

- 1. september
- 29. september
- 27. oktober
- 17. november

«Familiesøndag» – eit tilbod for heile familien!

Vi vekslar på å vere i Førde kyrkje, på Førde kyrkjetun eller ute med samling, leik og måltid saman.

Søndag 3. september kl. 16.00 og Søndag 29. oktober kl. 16.00.

Følg med på Førde kyrkje si facebook-side.

Trusopplæring i Naustdal sokn:

Spiren

– Babysong på Naustdal kyrkjelyds-hus. Eit tilbod for born i alderen 0 – 1 år saman med foreldre.

Datoar for hausten er ikkje bestemt, følg med på heimeside og facebook.

1-2-3 dagar

Kreative dagar for 8 og 9 åringar, siste veka før skulestart. Invitasjon kjem i posten.

Familiegudsteneste med hausttakkefest

Naustdal kyrkje 24. september kl. 11.00. Utdeling av 4-årsbok.

Samling for 4-åringar

23. september. Invitasjon kjem i posten.



Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

Knøttekor ca. 3,5 år til ca. 5 år:

Kl. 17.20 – 18.00

Aspirantkor ca. 6 år – 2. klasse:

Kl. 18.05 – 18.50

Jentekor 3. – 6. klasse:

Kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no, eller sjekk Facebook-sida «Korskulen i Førde kyrkje».

Kontingent per semester: kr. 200.

Førde KFUM/KFUK:

SportY: 28. aug. kl. 19.00 på Slåtten skule
Førde TenSing, Deciding: 29. aug. kl. 19.00 på Førde kyrkjetun

Førde KFUK-KFUM-speidarar: 31. aug. kl. 18.30 på Førde kyrkjetun.

Korskulen til Bergen med songglede

Då Korskulen i Førde kyrkje stemde i med «Eg ve te Bergen» på Fløyen, møtte byen dei unge songarane med strålende solskin og entusiastisk applaus!

Tekst: JORUNN SEIM

Foto: JORUNN SEIM og GRO GUNNARSON

Turen har vore planlagd lenge, og det var ni spente jenter frå jentekoret og aspirantkoret – pluss foreldre – som reiste frå Førde om morgonen den 22. april. Og allereie på ferja frå Lavik til Oppedal kunne dirigent Gro by på den første overraskinga: Vi fekk helse på kapteinen og sjå korleis han og mannskapet styrer ferja!

Vel framme møtte vi tidlegare kor-medlem Tuva, som no bur i Bergen. Ho blei med oss opp på Fløyen, der koret sjarmerte både turistar og bergensarar med ein spontankonsert på utsiktsplataet.

Neste stopp var Akvariet, som hadde mykje spennande å by på: Dresserte sjøløver, sjarmerande pingvinar, stirande



Korskulen syng på gudsteneste i Skjold kirke. Bak frå venstre: Anna, Elisa, Sara og Eiril. Framme frå venstre: Selma, Runa Helene, Liv, Astrid Sofie og Mathilde.

krokodillar, skumle slangar og fiskar i alle fargar og fasongar.

Etter litt shopping – eit høgdepunkt for mange av jentene – hadde vi ein trivelig middag på Peppes, før ein fornøgd og sliten gjeng fann vegen til hotellet.

Med ein solid hotellfrukost i magen sette vi søndag morgon kursen mot Skjold kyrkje. Der blei vi tekne imot av prest Marte Håberg Ottesen, som tidlegare har arbeidd i Sunnfjord. Under gudstena stod korjentene frå Førde for fleire musikalske innslag, mellom anna songar som «Vokt meg som din øyensten», «A Clare Benediction» og «Antiphonal Hosanna». I tillegg hjalp nokre av jentene til med tekstlesing under gudstena. Etterpå fekk dei mange godord frå kyrkjelyden!

På heimvegen blei det tid til nok ei lita utflukt, denne gongen til Tellevik fort, eit tysk kystfort frå den andre verdskrigen.

Skal vi tru ei av korjentene, var dette «verdas beste Bergenstur med koret». Vi som var med, vil takke vår blide og



Takk til bussjåfør Asbjørn og assistent Runar!

serviceinnstilte bussjåfør Asbjørn og hans alltid like velkledd assistent Runar. I tillegg vil vi rette ein stor takk til Gro Gunnarson, som kvar einaste veke formidlar musikkglede til små korsongarar – og til alle som får høyre dei synge!



Mathilde, Runa Helene og Astrid Sofie hjelper prest Marte med tekstlesing.

DET SKJER

10-kaffi på Førde kyrkjetun

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Friskliv og frivilligsesteret i Sunnfjord og Førde kyrkje.

Førde kyrkjekor

har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Koret har fått fleire nye medlemmer i det siste, men har plass til fleire! Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!



Kyrkja i byen

Kvar torsdag frå midten av august, kl. 13.30 – 15.30, sit ein person frå Førde eller Gaular sokn på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!



Stølsmesser og utegudstenester i sommar

SØNDAG 16. JULI KL. 12.00:

Stølsmesse på Reinestølen i Haukedalen. Det står skilt ved skogsvegen som tek av frå hovudvegen i underkant av 100 m etter Firdagarasjen på Gjerland. Det er ca. 2 km å gå på god veg fram til stølen. Kontaktperson Bodil Frøysland.

SØNDAG 30. JULI KL. 11.00:

Olsokgudsteneste på Sunnfjord museum

Strikketreff

Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun

Ta med eit handarbeid, eller bli med å strikke lappar for «Ull og omtanke – Sunnfjord», sjå artikkel i Helg og Heim 4/2022. Ta gjerne med matpakke, så et vi lunsj i lag.

- 21. august,
- 4. og 18. september,
- 2. 16. og 30. oktober,
- 13. og 27. november,
- 11. desember

Familegudsteneste/Oppstarts-gudsteneste

20. august kl. 11.00 i Førde kyrkje. Dette er dagen før skulestart og vi ynskjer derfor å samle heile kyrkjelyden til ein felles oppstart for hausthalvåret.

Ungdomsgudsteneste

i Førde kyrkje 10. september kl. 19.00: Kveldsgudsteneste for alle, og særleg velkommen til ungdom og unge vaksne.

Haustkonsert

3. oktober kl. 18.00. Vi presenterer kyrkjelyden sitt kor- og musikk-arbeid.

Dåpskjoleutstilling, Vevring kyrkje 16. og 17. september

Mange har fine dåpskjolar i familien som gjerne blir brukt i fleire generasjonar. Vi ynskjer å få til ei utstilling i Vevring kyrkje av gamle og nye dåpskjolar.

Kontaktpersonar: Marit Våge Apneseth (tlf. 918 34 319) og Veronica Standal (911 71 782). De kan levere kjole til dei etter 21. august. Det er viktig å merke kjolen godt, og skriv gjerne ein liten lapp attåt, med opplysningar om kjolen.

Besøkstenesta i Førde sokn

Har du tid og lyst til å vere med å ha ei meningsfull oppgåve? Nokre personar er allereie med i besøkstenesta i Førde, men det er plass til fleire. Diakon Anita Øvreås Rusken har ansvaret for tilbodet. Dei som er nye får rettleiing, informasjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med på det første heimebesøket.



Olsok i Movika

SØNDAG 6. AUGUST KL. 12.00:

Stølsmesse på Norddalen på Holsen. Det er bomveg til Norddalen ca. to km aust for Holsen kyrkje. Ta opp på grusvegen til venstre. Det vert sett opp skilting til støls-messa. Kontaktperson Gunn Heimestøl.

SØNDAG 13. AUGUST KL. 12.00:

Friluftsgudsteneste på Seljevollen i Naustdal

Frivillig i kyrkja?

Det er behov for frivillige i kyrkjelydane til små og store oppgaver.


Kan du tenkje deg å gje litt av tida di?

Kontakt kyrkjekontora.



Naustdal
Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

 57 72 41 40
dampbakeriet.no

Reiakvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reiakvam.no
reiakvam.no

ALT I  SPORTSKLEDE
 SPORTSUTSTYR
 BARNEUTSTYR

Erdal Sport


Førde



Din nye bustad finn du hos oss!

Vi fornyar kjøkken, bad og garderober! Kom gjerne innom oss på Halbrendssøyra!
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00

 HELLVIK HUS

Gravdalgruppa
Førde - Bergen

*Gravminne
finn du hos oss*



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

**Spesialist på gamle klokker,
veggur, lommeur og armbandsur**

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380

HELLENES
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL



EXTRA

NAUSTDAL



Best

NAUSTDAL

GUDSTENESTER

Her er liste over planlagte gudstenester. Det kan bli endringar!

Følg med i Firda og www.sunnfjordkyrkja.no, eller kontakt kyrkjekontoret.

SØNDAG 25. JUNI JONSOK

Vevring kyrkje 15.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 19.00 Jonsok

SØNDAG 2. JULI

Holsen kyrke 15.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 9. JULI

Førde kyrkje 11.00 Festivalgudsteneste i samarbeid med Førde-festivalen

SØNDAG 16. JULI

Naustdal kyrkje 11.00 Fellesgudsteneste for Førde og Naustdal
Haukedalen 12.00 Stølsmesse på Reinestølen

SØNDAG 23. JULI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 30. JULI OLSOK

Sunnfjord Museum 11.00 Friluftsgudsteneste

SØNDAG 6. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 19.00 Gudsteneste
Holsen kl. 12.00 Stølsmesse på Norddalen

SØNDAG 13. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste
Vevring 15.00 Friluftsgudsteneste på Seljevollen

LAUDAG 19. AUGUST

Førde kyrkje 14.00 Dåpsgudsteneste

SØNDAG 20. AUGUST

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 11.00 Familiiegudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste
Presentasjon av årets konfirmantar

SØNDAG 27. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste.
Presentasjon av årets konfirmantar frå FUSK
Førde kyrkje 13.00 Gudsteneste.
Presentasjon av årets konfirmantar frå Hal-brend

SØNDAG 3. SEPTEMBER

VINGARDSSØNDAGEN

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste.
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste.
Presentasjon av årets konfirmantar
Naustdal kyrkje 14.00 Gudsteneste.
Presentasjon av årets konfirmantar
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste.
Presentasjon av årets konfirmantar

TORS DAG 7. SEPTEMBER

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 10. SEPTEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 11.00 Songgudsteneste med korskulen
Førde kyrkje 19.00 Kveldsgudsteneste for ungdom og unge vaksne

SØNDAG 17. SEPTEMBER

Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Hausttakkefest

SØNDAG 24. SEPTEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Familiiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok
Førde kyrkje 11.00 Hausttakkefest.
Familiiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok

SØNDAG 1. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

RIKKE

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



arnes
frisørhjørne

Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde



Velkommen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



ARKI
ARKITEKTAR

Hafstadgården
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Nettside: arki.no

Kyrkjeskyss Førde kyrkje hausten 2023

Treng du skyss til gudsteneste?

Førde sokn har ei ordning med kyrkjeskyss. Om du treng skyss til gudsteneste søndag kan du ringje eit telefonnummer på lista nedanfor. Står det ikkje noko anna er gudstenesta klokka 11.00.

For meir informasjon kan du ta kontakt med kyrkje-kontoret i kontortida, måndag-fredag kl. 09.00-15.00. Telefonnummeret til kyrkje-kontoret er 57 82 81 80. Kyrkjeskyss er gratis. Eventuelle gaver går uavkorta til arbeid i regi av Førde sokneråd.

3. SEPTEMBER

Per Ingolf Nygård tlf. 91819561

10. SEPTEMBER

Gunnar Johannessen tlf. 91727191

17. SEPTEMBER

Ingvild og Harald Eikenes tlf. 99365322/91388644

24. SEPTEMBER

Oddbjørg Espeset tlf. 90593295

1. OKTOBER

Per Ingolf Nygård tlf. 91819561



DØYPTE

FØRDE KYRKJE

12. FEBRUAR
Theodor Neset Akse

19. FEBRUAR
Theodor Neset Akse
Viljar Hellevang Fuglestrand

26. FEBRUAR
Mille Skaar Oldeide
Olivia Bergheim Madsen

5. MARS
Emilie Skudalsnes Kusslid

12. MARS
Johanne Kyte Færø
Birk Muri Haugen
Lukas Fonn Arntsen

2. APRIL
Emilia Nataas Urheim
Døypd i Helgheim kyrkje

9. APRIL
Ulrik Gram Solhaug

16. APRIL

Lina Tormodset Elnes

23. APRIL
Olai Haglund Dvergsdal

14. MAI
Hedda Balsnes Olsbø
Døypd i Rugsund kyrkje

NAUSTDAL KYRKJE

12. FEBRUAR
Maja Sægrov Reiakvam
Døypd i Ålhus kyrkje.

2. APRIL
Bea Savland Helle

9. APRIL
Emilie Hukset Holsen
Viljar Mullen Høivik

30. APRIL
Sofia Stølen Gjølringbø
Sebastian Ove Aven

GRAVFERD

FØRDE KYRKJE

21.02	Ivar Leif Soleide	f. 1934
10.03	Anna Ragna Farsund	f. 1931
17.03	Per Atle Holmøyvik	f. 1945
30.03	Tore Åsen	f. 1984
04.04	Bjørg Årskaug Vie	f. 1935
18.04	Oddbjørg Sørbotten	f. 1928
21.04	Bjarne Heggheim	f. 1942
25.04	Olai Tefre	f. 1936
04.05	Randi Serina Lange	f. 1933

HAUKEDALEN KYRKJE

07.03	Målfrid Nora Hage	f. 1935
-------	-------------------	---------

NAUSTDAL KYRKJE

23.02	Helge Olaf Gjølringbø	f. 1971
16.03	Jenny Buanes	f. 1935
	Bjarne Horstad	f. 1929
24.03	Aasa Gundersen	f. 1925
21.04	Dagny Aase	f. 1926
04.05	Jakob Slettemark	f. 1926

VEVRING KYRKJE

14.03	Svein Apalseth	f. 1942
17.03	Jan Magne Kleiven	f. 1955
21.03	Berit Josefine Sæther	f. 1934

Ingvar Vagstad ny avdelingsleiar for driftsavdelinga



Ingvar Vagstad, avdelingsleiar for driftsavdelinga

Tekst: SISSEL VARTDAL, kyrkjeverje i Sunnfjord

Sidan eg starta i stillinga som kyrkjeverje i Sunnfjord, har eg hatt gleder av å bli kjent med mange dyktige og engasjerte tilsette, og eg har fått innblikk i det flotte og varierte arbeidet som skjer rundt i kyrkjelydane våre. Eg har og sett på organisasjonen og korleis dei ulike delane heng saman. Vi er eit stort arbeidsfellesskap som tel


35 tilsette til saman. Som leiar er det mi oppgåve å organisere arbeidet på den mest tenlege måten, slik at vi i Sunnfjord løysar oppgåvene og oppdraget vårt på beste vis.

Dette har resultert i nokre nye strekar i organisasjonskartet til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Der det frå før gjekk ei linje direkte frå kyrkjeverja til kvar enkelt av dei tilsette, har vi no etablert ei driftsavdeling. I denne avdelinga sorte-

rer kyrkjetenarar, kyrkjegardsarbeidarar og reinhaldarar. Ca 15 tilsette med til saman 5,5 årsverk. Og dei har sin eigen avdelingsleiar; Ingvar Vagstad.

Etter 23 år i ulike oppgaver i Førde sokn, er Vagstad godt kjent med organisasjonen og med arbeidet som no høyrer til i driftsavdelinga.

Eg er glad Ingvar takka ja til denne utfordringa og ser fram til vidare samarbeid – no med driftsavdelinga.



Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

Opa kyrkje på Kinn



Turen til Kinn er ei oppleving.

Det vert opa kyrkje på Kinn
frå 19. juni og ut heile august.

Tekst og foto: Knut Magne Nesse, prost i Sunnfjord

Opningstidene er frå 13.30 til 19.30. I kyrkja er det enkle tidebøner klokka 13.30 og 19.00 kvar dag. Ei rekke frivillige tek imot reisande som kjem til kyrkja. Kinn kyrkje er ei av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia, og øya er tett knytta til historia om Sta. Sunniva og seljumennene.

Det går ekstra turistbåt frå Florø klokka 12.00 på måndag, tysdag, torsdag og fredag frå 19. juni til og med 4. August. I denne perioden går det også båt klokka 10.00 på laurdag. Elles må ein bruke dei ordinære rutene.

Turen til Kinn og kyrkja er ei oppleving. Det er turlagshytte på Kinn og fleire merka turløyper.

Velkommen til Kinn!



Kvar er dette?

Fleire har lurt på kvar framsidebildet på påskenummeret er tatt, og korleis ein kjem seg dit.

Bildet er frå stien langs Helgåsberget i Naustdal. Du køyrer vegen i retning Helgås til ein P-plass ved Kvernhusaugane. Her er kartoppslag med oversikt over stiane i området. Ein kan gå over heia ned til Svistølen og ta stien langs berga tilbake. Då passerer ein dette og fleire andre fine utsiktspunkt.

Søker du på turprosjektet «Over stokk og stein Naustdal», er det tur nr. 14, Kvernhusaugane. Der ligg det kart og god informasjon om turene i området.

God tur!



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Ví leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com